



Arkivnr: 2015/1434-53

Saksbehandlar: Thorbjørn Aarethun

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		08.12.2016
Fylkestinget		13.12.2016

Regionreforma - etablering av Vestlandsregionen

Samandrag

Som ein del av regionreforma er det gjennomført nabosamtalar og forhandlingar om ein intensjonsplan for samanslåing av fylkeskommunane Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland til ein ny Vestlandsregion. Forhandlingane om intensjonsplan vart slutført i Førde, 15.september, og signert av dei tre fylkesordførarane.

Det signerte utkastet til intensjonsplan vart lagt fram for første gangs handsaming på fylkestinga i dei tre vestlandsfylka i oktober 2016, der det vart gjort vedtak mellom anna om å leggje intensjonsplanen for etablering av ein Vestlandsregion ut på offentleg open høyring.

Dei aller fleste innkomne høyringsfråsegnene gir støtte til intensjonsplanen for etableringa av ein Vestlandsregion. Fylkesrådmannen vil særskilt vise til høyringsfråsegnene frå kommunane.

Fylkesrådmannen stiller seg og bak fleirtalet av dei innkomne høyringsfråsegnene som understrekar at nynorsk må vere administrasjonsspråk for Vestlandsregionen. Dette er og i samsvar med omtale av nynorsk som viktig identitetsbyggjar i intensjonsplanen for etableringa av vestlandsregionen.

Dersom dei andre fylkeskommunane gjennom vedtak på fylkestinga i desember 2016, ikkje går inn for etablering av ein Vestlandsregion, går fylkesrådmannen inn for at den oppnemnde styringsgruppa for regionreforma får fullmakt til å starte og gjennomføre ny dialog og forhandlingar om intensjonsavtale innanfor to alternative nye regionløysingar:

- a) Samanslåing av fylkeskommunane Sogn og Fjordane og Hordaland, der det også vert opna opp for å invitere Møre og Romsdal inn i forhandlingar om ei slik løysing.
- b) Samanslåing av fylkeskommunane Hordaland og Rogaland

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget viser til inngått intensjonsavtale for etablering av Vestlandsregionen og går inn for at Hordaland fylkeskommune, Rogaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune går saman i ein ny folkevald region på Vestlandet.

Fylkestinget søker med grunnlag i inndelingslova om slik samanslåing, under føresetnad at fylkestinga i Rogaland og Sogn og Fjordane går inn for tilsvarande samanslåing med grunnlag i intensjonsplanen for etablering av Vestlandsregionen.

2. Fylkestinget vil understreke at folketal og geografisk utstrekning ikkje må vere til hinder for etablering av Vestlandsregionen i ein ny regionstruktur, og at generalistprinsippet for oppgåvedeling mellom statlege og regionale ansvarsområder må kunne fråvikast i ein regionstruktur med svært ulikt innbyggjartal i dei nye regionane. Fylkestinget ber om at oppgåvedifferensiering vert lagt inn i mandatet til ekspertutvalet som skal vurdere overføring av nye statlege oppgåver til regionalt folkevald nivå.
3. Fylkestinget går inn for at nynorsk vert administrasjonsspråket i den nye Vestlandsregionen.
4. Dersom alle tre fylkestinga gjer vedtak om samanslåing, vert fylkesrådmennene, i samråd med Kommunal- og moderniseringsdepartementet, bedt om å legge fram sak snarast mogleg med opplegg for det vidare førebuingarbeidet for samanslåing, med m.a oppnemning av representantar til fellesnemnda, samt kva mandat og avgjerdsmynde fellesnemnda skal ha.
5. Dersom dei andre fylkeskommunane gjennom vedtak på fylkestinga i desember 2016, ikkje går inn for etablering av ein Vestlandsregion, får den oppnemnde styringsgruppa for regionreforma fullmakt til å starte og gjennomføre ny dialog og forhandlingar om intensjonsavtale innanfor to alternative nye regionløyisingar:
 - a) Samanslåing av fylkeskommunane Sogn og Fjordane og Hordaland, der det også vert opna opp for å invitere Møre og Romsdal inn i forhandlingar om ei slik løysing.
 - b) Samanslåing av fylkeskommunane Hordaland og Rogaland
6. Fylkestinget vil sterkt understreke Hordaland fylke som udeleleg i den nye regionstrukturen, anten fylket vert vidareført som i dag eller i ei løysing saman med andre fylker.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Signert intensjonsplan for samanslåing av Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland
- 2 Høyringsbrev
- 3 Adresseliste høyring
- 4 Vestlandsregionen – utgreiingsrapport
- 5 Høyringsfråsegner: <http://www.hordaland.no/nn-NO/politikk/du-kan-paverke/open-hoyring---etablering-av-vestlandsregionen/>

Fylkesrådmannen, 14.11.2016

1.0 Bakgrunn for saka

I samband med at Stortinget handsama St.meld. 14 (2014 - 15) «Kommunereforma – nye oppgåver til større kommunar» 2.6.2015 vart det vedteke at fylkeskommunene skal inviterast inn i kommunereforma, og at regjeringa tar sikte på å legge fram forslag til eit nytt regionalt folkevald nivå våren 2017.

Med grunnlag i vedtaket i Stortinget vart fylkeskommunane i brev frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet 2.7.2015, «Invitasjon til å delta i reformprosessen», inviterte til å «ta nabosamtalen» og å fatta vedtak om strukturendringer på regionalt nivå i løpet av hausten 2016.

Som ein del av regionreforma er det gjennomført nabosamtalar og forhandlingar om ein intensjonsplan for samanslåing av fylkeskommunane Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland til ein ny Vestlandsregion. Forhandlingane om intensjonsplan vart slutført i Førde, 15.september, og signert av dei tre fylkesordførarane.

Det signerte utkastet til intensjonsplan vart lagt fram for første gangs handsaming på fylkestinga i dei tre vestlandsfylka i oktober 2016, der det vart gjort vedtak mellom anna om å leggje intensjonsplanen for etablering av ein Vestlandsregion ut på offentleg open høyring.

Etter denne høyringa blir no intensjonsplanen lagt fram for endeleg handsaming på fylkestinget, for å ta stilling til om Hordaland fylkeskommune i samband med regionreforma ynskjer å inngå i eit nytt regionalt folkevald nivå på Vestlandet, saman med fylkeskommunane Rogaland og Sogn og Fjordane. Det er lagt opp til følgjande handsaming av tilsvarande sak i dei andre fylkeskommunane:

Fylkeskommune	Fylkesutval	Fylkesting
Sogn og Fjordane	5.desember	7.desember
Rogaland	6.desember	13/14.desember

Fylkesrådmannen vil i saksframlegget presentere vedtak gjort i dei ulike fylkestinga i oktober 2016, og omtale og vurdere innkomne høyringsfråsegner til intensjonsplanen og etableringa av Vestlandsregionen. For å sikre ei heilskapleg saksutgreiing ser fylkesrådmannen det og som nødvendig å omtale på nytt enkelte spørsmål og tema i fylkestingssaka i oktober 2016.

2.0 Om regionreforma

Som tidlegare nemnt vart det i samband med Stortinget si handsaming av St.meld. 14 (2014 - 15) «Kommunereforma – nye oppgåver til større kommunar» 2.6.2015, vedteke å invitere fylkeskommunene inn i kommunereforma, der regjeringa vart bedt om å legge fram forslag til eit nytt regionalt folkevald nivå våren 2017. Dei nye regionane skal virke frå 1.1.2020.

2.1 Meld.St. 22 (2015–2016) «Nye folkevalgte regioner – rolle, struktur og oppgaver»

Regjeringa la 5.4.2016 fram Meld. St. 22 (2015–2016) «Nye folkevalgte regioner – rolle, struktur og oppgaver» om oppgåver og funksjonar til eit nytt regionalt folkevald nivå. Regjeringa legg her opp til at dagens fylkeskommunar vert erstatta av omlag 10 folkevalde regionar. Regjeringa vil gjennomgå dei statlege regioninndelingane (fylkesmannen mfl.) i lys av dei nye grensene for det regionale folkevalde nivået.

Dei nye regionane skal få ei forsterka samfunnsutviklarrolle innan område som gjeld samfunns- og arealplanlegging, klima og miljøvern, folkehelse, kompetanse, kultur, ressursforvaltning, samferdsel og næringsutvikling. Samfunnsutviklingsarbeidet krev samarbeid med offentlege styremakter som regionalt folkevald nivå ikkje har instruksjonsmynde over, og å mobilisera private aktørar og lokale og regionale interesser. Det betyr å ha ein langsiktig og heilskapleg plan for sin eigen region, slik det er omtalt i Meld..St. 22 (2015-2016) Nye folkevalde regioner – rolle, struktur og oppgaver.

Meldinga omtaler mulig overføring av oppgaver og ansvar på ulike områder på følgjande måte:

Samfunns- og arealplanlegging

Departementet peikar på behovet for at dei folkevalde regionane utviklar ein overordna arealpolitikk, med arealkart, retningsliner og i nokon grad bruk av regionale planbestemmelsar. Dette gjeld blant anna for kystsona, fjellområda og i byregionar. I meldinga er det ikkje omtalt nye konkrete oppgaver eller utvida ansvar på dette området.

Klima og miljø

Det er foreslått å overføra fylkesmannen sitt ansvar og rolle innan friluftsliv til nye folkevalde regionar, og fylkesmannen sitt ansvar for statleg eigde og sikra friluftsområde vil bli vurdert med sikte på overføring til større folkevalde regionar. Det blir ikkje vurdert som aktuelt å foreslå ytterlegare overføring av klima- og miljøoppgaver frå fylkesmannen til nye folkevalde regionar.

Integrering

Det vil bli vurdert korleis nye folkevalde regionar kan innta ei sterkare rolle i integreringsarbeidet. Det er ikkje vurdert som aktuelt å foreslå endringar i ansvar for oppgaver som i dag ligger hos Integrerings- og mangfaldsdirektoratet.

Utdanning og kompetanse

Regionane får ansvar for å leggja til rette for samarbeid mellom arbeidsliv og utdannings- og opplæringsaktørar om behov og tilrettelegging for etter- og vidareutdanning.

Kultur

Det er foreslått å overføra ein del oppgaver som ligg hos Riksantikvaren til regionalt folkevald nivå.

Samferdsel

Hovudmodellen for vegansvar mellom fylkeskommune og stat skal oppretthaldast. I samband med NTP rulleringa skal det vurderast om enkelte vegar skal omklassifiserast. Regionane får ansvaret for ordninga med tilskott til private lufthamner. Det skal vurderast om regionane skal få ansvar for kjøp av innanlands flyruter.

Næringsutvikling

Regionane får ansvar for utforming og oppfølging av regionale oppdrag til nasjonale virkemiddelaktørar for forskning, innovasjon og næringsutvikling. Det er ikkje vurdert som aktuelt å overføra landbruksoppgaver fra fylkesmannen til nye folkevalde regionar. Det vert foreslått eit toårig forsøk, der ein folkevald region får ansvaret for regionale næringsprogram for landbruket som i dag vert forvalta av fylkesmannen.

2.1.1 Stortinget si handsaming av regionmeldinga

I samband med handsaminga av Innst. 377 S (2015–2016) Nye folkevalgte regioner – roller, struktur og oppgaver, vart det fatta tre vedtak i Stortinget, 8.juni 2016:

«Vedtak 821

Stortinget ber regjeringen sette ned et ekspertutvalg som skal foreslå ytterligere nye oppgaver til regionene når den nye regionstrukturen er fastlagt, og senest våren 2017.

Vedtak 822

Stortinget ber regjeringen i regionreformen sørge for at administrasjonen av fylkesvegnettet (deler av sams vegadministrasjon) blir underlagt de nye folkevalgte regionene.


Vedtak 823

Stortinget ber regjeringen i forbindelse med regionreformen styrke nytt regionalt folkevalgt nivå's rolle i integreringsarbeidet i forbindelse med sysselsetting og utdanning/kompetanseheving, samt som bindeledd mot kommuner, næringsliv og frivillig sektor.»

2.2 Vidare prosess i regionreforma

Hovedkonklusjonen etter Stortinget si handsaming av regionmeldinga er at det førebels er lite avklart kva som skal overførast av nye oppgaver til det regionale folkevalde nivået. Det klaraste vedtaket er kanskje det som gjeld «sams vegadministrasjon». Stortinget legg her opp til at den delen av sams vegadministrasjon som har oppgåver og ansvar for fylkesvegnettet skal overførast frå Statens vegvesen til fylkeskommunane/regionane. Dette er ikkje ei uvesentleg oppgåveoverføring. Av totalt 7 500 tilsette i Statens vegvesen, arbeider omlag 6 000 i ute i Statens vegvesen sine regionar, hovudsakeleg med planlegging og drift av riks- og fylkesvegnettet.

I tillegg har Stortinget bedt om det vert nedsett eit ekspertutval som skal vurdere og foreslå ytterlegare nye oppgaver til det nye regionale folkevalde nivået, når den nye regionstrukturen er fastlagt, og seinast våren 2017. Regjeringa legg opp til følgjande prosess fram mot våren 2017 og vidare til iverksetting av ny regionar 1.1.2020:



Proposisjon med forslag til ny regional struktur våren 2017

Regjeringa vil legge fram forslag til ny geografisk inndeling av det folkevalde regionale nivået våren 2017, samt oppfølging av nye regionale oppgåver omtalt i Meld.St. 22 (2015–2016) «Nye folkevalgte regioner – rolle, struktur og oppgaver» og Stortinget sine merknader og vedtak i handsaminga av Innst. 377 S (2015–2016) «Nye folkevalgte regioner – roller, struktur og oppgaver».

Nedsetting av fellesnemd for førebuing av samanslåing av fylker

Stortinget kan med heimel i Inndelingslova §4 gjere vedtak om samanslåing av fylker. Etter at eit slikt vedtak eventuelt er gjort våren 2017, kallar Kommunal- og moderniseringsdepartementet saman fylkestinga til fellesmøte, jfr § 25 i Inndelingslova. I samme lovparagraf heiter det at departementet kan gjere unntak frå kravet om slikt felles møte. På slike fellesmøte skal følgjande saker drøftast:

- a) forslag til namn på den nye kommunen eller det nye fylket
- b) talet på medlemmer i det nye kommunestyret eller fylkestinget
- c) kriterium for samansetjing av og funksjonar til fellesnemnd etter § 26 i Inndelingslova
- d) val av revisor for verksemda i fellesnemnda
- e) oppretting av eventuelle andre fellesorgan for å sikre gjennomføringa av samanslåinga

Ved samanslåing av kommunar eller fylkeskommunar skal det opprettast ei politisk fellesnemnd til å samordne og ta seg av førebuinga av samanslåinga.

Fellesnemnda skal ta hand om det førebuande arbeidet med økonomiplanen og med budsjettet for det første driftsåret etter at samanslåinga er sett i verk. Nemnda skal i sin verkeperiode gi fråsegn til departementet om årsbudsjetta og økonomiplanen for dei kommunane eller fylkeskommunane saka gjeld.

Andre arbeidsoppgåver og fullmakter for nemnda blir fastsette i reglement som må vedtakast i alle kommunestyra eller fylkestinga. Kvar av kommunane eller fylkeskommunane kan be departementet om å ta avgjerd i slike spørsmål dersom det ikkje er mogleg å kome til semje.

Nemnda kan få fullmakt til å tilsetje personale i den nye eininga. Dette omfattar også tilsetjing av administrasjonssjef og revisor. Funksjonsperioden for fellesnemnda går ut når det nye kommunestyret eller fylkestinget er konstituert.

3.0 Vedtak om «nabosamtalar» og forhandlingsutval i vestlandsfylka

Fylkestinget i Sogn og Fjordane, i vedtak frå 9.12.2015, sette fram ønske om at dei fire vestlandsfylka (Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal) utgreier ein folkevald landsdelregion på Vestlandet. Fylkestinget i Rogaland fatta vedtak 1.3.2016 om at Rogaland fylkeskommune er positiv til innleiande nabopratt med Vestlandet (Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og Hordaland) og Agderfylka med mål om å forhandla fram ein intensjonsavtale for ein utvida region.

Fylkestinget i Hordaland oppnemnte 9.3.2016 eit forhandlingsutval som får mynde til å iverksetja samtalar/nabopratt med dei andre vestlandsfylka, med mål om å forhandla fram ein intensjonsavtale for ein utvida Vestlandsregion. Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane oppnemnde i møte 18.4.2016 eit slikt forhandlingsutval frå Sogn og Fjordane. Fylkestinget i Rogaland oppnemnde i møte 26.4.2016 eit slikt forhandlingsutval frå Rogaland. Det vart også oppnemnt politiske styringsgrupper for forhandlingsutvala.

Fylke	Forhandlingsutval	Styringsgruppe
Sogn og Fjordane	<ul style="list-style-type: none"> Jenny Følling - fylkesordfører (Sp) Åshild Kjelsnes - fylkesvaraordfører (Ap) Noralv Distad - fylkestinget (H) Alf Reidar Myrstad - Utdanningsforbundet Tore Eriksen - fylkesrådmann 	<ul style="list-style-type: none"> Fylkesutvalet med tillegg av dei tre gruppeleiarane i fylkestinget frå FrP, SV og MDG.
Hordaland	<ul style="list-style-type: none"> Anne Gine Hestetun – fylkesordfører (Ap) Pål Kårbø –fylkesvaraordfører (Krf) Terje Søviknes – fylkestinget (Frp) Tore Andersen – YS/Parat Rune Haugsdal - fylkesrådmann 	<ul style="list-style-type: none"> Fylkesutvalet med tillegg av gruppeleiar Raudt
Rogaland	<ul style="list-style-type: none"> Solveig Ege Tengesdal – fylkesordfører (Krf) Marianne Chesak – fylkesvaraordfører (Ap) Janne Johnsen – fylkestinget (H) Trond Nerdal – fylkesrådmann Ingeborg L. Tyse - Utdanningsforbundet 	<ul style="list-style-type: none"> Fylkesutvalet med tillegg av gruppeleiar SV og representant fra tillitsvalde.

4.0 Intensjonsplan for etablering av Vestlandsregionen

Forhandlingsutvala har hatt fire felles samlingar for å forhandla fram ein intensjonsplan for ein framtidig Vestlandsregion.

30.juni 2016	Garder Kurs og Konferansesenter, Gardermoen
18.-19.august 2016	Solstrand Fjordhotel, Os
1.-2.september 2016	Sola Strand Hotel, Sola
14.-15.september 2016	Sunnfjord Hotel, Førde

Referat frå dei to første forhandlingssamlingane er vedlagt saka. I tillegg har det vore arrangert felles møte mellom styringsgruppene i Bergen, 23.august 2016. Undervegs i forhandlingsperioden er det gjennomført informasjons- og avklaringsmøte mellom politisk og administrativ leiding i fylkeskommunane og statsråd Jan-Tore Sanner, KMD, 7.september 2016. I samband med forhandlingane om intensjonsplanen er det gjennomført utgreiingsarbeid i regi av fylkesrådmennene som og er vedlagt denne saka.

Den vedlagte intensjonsplanen for samanslåing av vestlandsfylka, Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland, inneheld ulike element og tema som det er gjennomført forhandlingar og avklaringar rundt. I arbeidet med kommune- og regionreforma er det utarbeidd veileddarar til utforminga av slik intensjonsplanar, som eit grunnlag for vedtak om samanslåing.

4.1 Kort om intensjonsplanen

Mål og formelle avklaringar

Det overordna målet i intensjonsplanen er at Vestlandsregionen skal vere ein sterk, attraktiv og kompetent samfunnsutviklar og tenesteytar under regional folkevald styring. I tillegg er det semje om seks hovudmål som grunnlag for Vestlandsregionen:

1. Sterkare demokrati gjennom ein ny folkevald region
2. Framtidsretta samfunnsutvikling på Vestlandet
3. Høg kvalitet i tenestene
4. Strategisk infrastrukturbygging
5. Kultur og identitetsbygging
6. Berekraftig forvaltning av samla ressursar

Intensjonsplanen legg fast ei rekkje sentrale punkt som handlar om førebuing, utforming og organisering av ein framtidig Vestlandsregion:

- I arbeidet med førebuing og innføring av Vestlandsregionen vert det for perioden 2017- 20 oppnemnd ei fellesnemnd utgått frå dei tre fylkestinga i samsvar med ordningane i Inndelingslova. Nemnda vert samansett av 30 medlemmer frå fylkestinget i Sogn og Fjordane (7), Hordaland (12) og Rogaland (11). Arbeidsoppgåver og fullmakter for nemnda vert fastsett i reglement vedteke i fylkestinga.
- Under fellesnemnda skal det setjast ned eit arbeidsutval med 11 medlemmer, der Sogn og Fjordane får 3 representantar, Hordaland 4 representantar og Rogaland 4 representantar.
- Fellesnemnda får i oppgåve å føreslå eit nytt fylkes - /regionvåpen som skal vere eit samlande symbol.
- Regiontinget får 71 representantar.
- Ein Vestlandsregion vert etablert som éin samla valkrins. Ordninga trer i kraft for region -/fylkestingsvalet 2019 som godkjend overgangsordning, og for Stortingsvalet etter at det er gjort nødvendige grunnlovsendringar knytt til valordninga. Dersom Stortinget vedtek ein lovproposisjon i 2018 som opnar for ei valordning med utjamningsmandat, t.d. med tre mandat frå kvart av dagens fylke, vil Vestlandsregionen vurdere å nytte ei slik valordning frå og med hausten 2019.
- Formannskapsmodellen vert lagt til grunn som politisk styringsform for den nye regionen.
- Bergen vert administrasjonssenter med lokalisering av rådmannsfunksjon og politisk leiing.
- Regiontinget skal ha årlege samlingar i Leikanger/Førde, Bergen og Stavanger. Samlingar utover dette vert lagt til administrasjonssenteret.
- Regionutvalet sine møte vil i hovudsak vere lagt til administrasjonssenteret. Møta i hovudutvala for næring, opplæring og kultur og idrett vil som hovudregel bli lagt til Stavanger. Møta i hovudutval for samferdsle vil som hovudregel bli lagt til Leikanger/Førde.

Politisk og administrativ leiing

Den politiske organiseringa inneber eit regionting, eit regionutval og fire hovudutval: samferdsle, næring, opplæring og kultur og idrett. Regionutvalet og administrasjonssjefen vil ha ansvar for overordna strategisk samordning og styring av Vestlandsregionen. Dette omfattar eit overordna ansvar for regional planlegging, økonomisk planlegging, klima, miljø og folkehelse. Hovudutvalsstrukturen dannar utgangspunktet for administrativ organisering og leiing.

Hovedutval	Administrativ leiing (geografisk lokalisering)
Næring	Rogaland
Opplæring	Rogaland
Samferdsel	Rogaland: Kollektivtransport Sogn og Fjordane: Veg
Kultur og idrett	Sogn og Fjordane: Kultur Rogaland: Idrett

Fylkesrådmannen vil understreke at oppgåver innanfor dei sentrale fagområda framleis skal kunne utførast i alle dei tre fylka. Tilsette skal kunne halde fram med å arbeide innanfor dei ulike sektorane sjølv om dei ikkje bur og arbeider der den administrative fagleiinga har hovudsete. Fellesnemnda får i oppgåve å fremje forslag til endeleg politisk og administrativ organisering innanfor desse rammene. I denne vurderinga skal også tannhelsetenesta og samtlege nye oppgåver til det regionale folkevalde nivået vurderast.

Prinsipp for framtidig tenesteyting

Vestlandsregionen skal vidareutvikle tenestetilbodet gjennom ein brukarnær og desentralisert struktur. Vestlandsregionen skal yte best muleg tenester og service overfor innbyggjarane på Vestlandet gjennom:

- Ein skulestruktur med eit breitt og likeverdig til bod med fridom til å velje studieprogram
- Eit effektivt, miljøvenleg og framtidstidsretta kollektivtransportsystem
- Ein kvalitativt god standard på vegnett og ferjesamband
- Eit kulturtilbod med gode og tilgjengelege idrettsanlegg

Samordning på tvers av sektorar skal vere eit prioritert og tydeleg kjenneteikn ved Vestlandsregionen si framtidige tenesteyting. Befolkningsutviklinga legg premissar for regionen si disponering av økonomiske ressursar, og er med på å legge rammene for tenestetilbodet og regionalt ut viklingsarbeid. Det vil vere viktig å finne ein god balanse i bruken av ressursar retta mot storbyane og distrikta.

Arbeidsgjevaransvaret og dei tilsette i regionreforma

Vestlandsregionen vil vere ein stor offentleg organisasjon med langt fleire tilsette enn det dei tre fylkeskommunane kvar for seg har erfaring med. Eit viktig mål er å skape betre føresetnader for ein kompetent og effektiv administrasjon og tenesteproduksjon, med attraktive og utviklande arbeidsplassar. Arbeidsmiljølova kap. 16 - 4 regulerer dei tilsette sine rettar ved verksemdsoverdraging. Her heiter det at overdraging av verksemd til annan arbeidsgjevar i seg sjølv ikkje er grunn for oppseiing eller avskjed frå tidlegare eller ny arbeidsgjevar. Ingen som er tilsette i dei tre fylkeskommunane på samanslåingstidspunktet skal difor kunne seiast opp som direkte følgje av samanslåinga.

Endringar i stilling og arbeidsoppgåver må likevel kunne reknast med. Medarbeidarar som eventuelt blir overtallige som følgje av ny organisering, vil få tilbod om annan høveleg stilling med utgangspunkt i kompetanse og arbeidserfaring etter samtalar og drøftingar i samsvar med lov - og avtaleverk. Vernet mot oppseiing av medarbeidarar som eventuelt blir overtallige som direkte følgje av samanslåinga, skal vare i fem år frå samanslåingsdato. Ein skal i størst muleg grad nytte naturleg avgang som eit aktivt verkemiddel for å unngå oppseiing av tilsette i ein eventuell nedbemanningssprosess. Dersom lokalisering av arbeidsplassar medfører endra arbeidsstad for noverande tilsette, skal det leggjast til rette for fleksible

overgangsordningar slik at den tilsette får ei mulegheit til å halde fram med å jobbe i den nye regionen. Perioden for overgangsordningar skal også ha fem års varigheit frå samanslåingsdato.

Det vert sett ned ei partssamansett arbeidsgruppe som skal utvikle ein felles lønspolitikk, og som skal vurdere ei harmonisering av dei tilsette sine løns - og arbeidsvilkår der dette er rimeleg. Partane skal forhandle fram felles retningsliner for handsaming av overtalige, der ein m.a. tek omsyn til rimeleg reisetid ved tilbod om endra arbeidsstad. Samanslåinga skal ikkje svekke arbeidstakarorganisasjonane.

Økonomi

Disponibel formue m.m. frå dei tre fylkeskommunane skal frå 01.01.2020 disponerast av det nye regiontinget til beste for innbyggjarane, samfunn og næringsliv i heile den nye Vestlandsregionen. Då Sogn og Fjordane fylkeskommune har relativt høge netto formuesverdiar og høge lokale inntekter i form av aksjeutbytte og konsesjonskraftvinst, blir fylket gitt høve til å byggje opp investerings – og disposisjonsfond fram mot regionetableringa i 2020. Heile beløpet frå salet av Fjord1 A S skal kunne inngå i eit slikt fond. Fondsmidlane skal kunne nyttast til særskilde investerings - og utviklingsprosjekt i fylket. Det samla fondsbeløpet skal ikkje kunne overstige 1,5 mrd.kr. Fellesnemnda skal utarbeide forslag til vedtekter for fondet. Regiontinget forvaltar fondet, men kan ev. delegere oppgåva til eit fondsstyre.

Vilkår i intensjonsplanen

Forhandlingsutvala frå Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland slutta seg 15.09.16 til intensjonsplanen, men valde å tydeleggjere følgjande fem vilkår for å etablere ein Vestlandsregion:

- Viktige samfunnsoppgåver vert overførte frå statleg til regionalt folkevalt nivå. Desse vert sett i samanheng med sentrale oppgåver og ansvarsområde som fylkeskommunane har i dag.
- Ansvaret for kollektivtransport og vidaregåande opplæring skal framleis liggje til regionnivået.
- Regionen skal ha ansvaret for den offentlege tannhelsetenesta.
- Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar føreset at fylka i sin heilskap inngår i den nye Vestlandsregionen, og at fylka i denne prosessen ikkje vert delte.
- Dei tre fylkeskommunane legg til grunn at fylkesmannsembetet får ei organisering og ei regional inndeling som samsvarer med det nye folkevalde regionale nivået sin geografiske struktur. Det vert lagt til grunn at fylkesmannsembetet skal ha ei desentralisert forvaltning lokalisert i dagens fylke, med leiing frå Sogn og Fjordane.

5.0 Vedtak om intensjonsplanen på fylkestinga i oktober 2016

Som omtalt vart det det signerte utkastet til intensjonsplan lagt fram for første gangs handsaming på fylkestinga i dei tre vestlandsfylka i oktober 2016, der det vart gjort følgjande vedtak:

Fylkestinget i Sogn og Fjordane, 18.oktober 2016

1. *«Fylkestinget legg intensjonsplanen for samanslåing av Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar ut på ei brei offentleg høyring der alle får høve til å sende høyringssvar i perioden 26.10. - 23.11.16.*
2. *Sogn og Fjordane fylkeskommune legg til grunn at fylkestinga i Rogaland og Hordaland også legg intensjonsplanen ut på høyring i sine fylke. Dersom ikkje alle tre fylkestinga gjer vedtak om høyring, får fylkesutvalet fullmakt til å vurdere om Sogn og Fjordane fylkeskommune skal starte ein dialog med fylkeskommunar som ønskjer å vurdere moglege nye regionløyisingar.*
3. *Fylkestinget legg til grunn at nynorsk vert administrasjonsspråk som ei naturleg følgje av omtalen av nynorsk som viktig identitetsbyggjar.*
4. *Fylkestinget i Sogn og Fjordane tek sikte på å gjere vedtak i høve vidare arbeid med regionreforma i desember 2016. Då vil ein ta stilling til om det er aktuelt å sende ein felles søknad til Stortinget om samanslåing av Sogn og Fjordane med andre fylkeskommunar.»*

Fylkestinget i Rogaland, 25.oktober 2016

I fylkesrådmannen i Rogaland sitt saksframlegg vart det skissert i alt fem ulike alternativ for regional struktur i samband med regionreforma:

- Vestlandsregionen - samanslåing av Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane.
- Rogaland fylkeskommune held fram som eigen region.
- Rogaland pluss mindre utvidingar som samantfall med grensene for Sør-Vest politidistrikt.
- Rogaland og Hordaland.
- Rogaland og Agder, fortrinnsvis Vest-Agder.

Følgjande vedtak vart gjort i fylkestinget:

1. *«Rogaland fylkeskommune sender på høring intensjonsplan for sammenslåing av Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland – Vestlandsregionen, sammen med de fire andre alternativene som er presentert i saken.*
2. *Resultatene fra høringen samt en egen innbyggerundersøkelse vil inngå som en del av grunnlaget for endelig beslutning i fylkestinget i desember 2016.»*

Fylkestinget i Hordaland, 5.oktober 2016

1. *«Fylkestinget ser på forhandlingsresultatet i intensjonsplanen for samanslåing av Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar som eit godt utgangspunkt for endeleg handsaming av etablering av Vestlandsregionen på fylkestinget i desember 2016.*
2. *Fylkestinget legg intensjonsplanen for samanslåing av Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar ut på offentleg høyring fram mot fylkestinget i desember 2016. Som ein del av høyringsgrunnlaget blir fylkesrådmannen bedt om å utarbeide ein samla rapport av felles utgreiingsarbeid som vart lagt til grunn for forhandlingane om intensjonsplanen.*

3. *Dersom dei andre fylkeskommunane gjennom sine vedtak ikkje godkjenner intensjonsplanen og forhandlingsresultatet, som grunnlag for endeleg handsaming av etablering av ein Vestlandsregion, får styringsgruppa fullmakt til å avklare om forhandlingsutvalet skal starte ein ny dialog med den av fylkeskommunane som seier ja, for å vurdere andre moglege nye regionløysingar.*
4. *Spørsmålet om kva administrasjonsspråk det nye Vestland fylket skal ha, blir ein del av høyringsprosessen og vil bli avgjort av fylkestinget i dei tre fylkeskommunane etter at alle høyringsinstansane har fått uttalt seg.»*

6.0 Høyringsprosessen

Den opne høyringa om intensjonsplanen for etablering av Vestlandsregionen vart kunngjort i dei største avisene Hordaland og på nettsidene til Hordaland fylkeskommune i veke 42, med høyringsfrist 30.november 2016. Samstundes vart eit eige høyringsbrev oversendt kommunane og utpeikte organisasjonar og etatar.

I alt er det motteke pr i dag 476 høyringsfråsegnar. Desse høyringsfråsegnene er fordelt i ulike kategoriar og offentleggjort på <http://www.hordaland.no/nn-NO/politikk/du-kan-paverke/open-hoyring---etablering-av-vestlandsregionen/>

Nedanfor er merknadene i høyringsfråsegnene kort oppsummert innanfor spørsmål og tema som fleire har omtalt, eller som av andre grunnar kan ha allmenn interesse inn mot ny regionstruktur og etablering av ein vestlandsregion.

Fylkesrådmannen vil kommentere dei ulike spørsmåla som er peikt på i høyringsfråsegnene seinare i saksframstillinga i kap. 9.0 Fylkesrådmannen sine merknader og tilråding.

Ny regionstruktur på Vestlandet

Høyringsfråsegnene stiller seg i all hovudsak bak intensjonsplanen om etablering av Vestlandsregionen i ny regionstruktur. Av kommunane som har sendt inn uttale er det kun Ulvik herad og Ullensvang herad som ikkje stiller seg bak intensjonsplanen for ei slik samanslåing av fylkeskommunane på Vestlandet.

Fylkesmannen i Hordaland har ikkje teke konkret standpunkt til etablering av ein Vestlandsregion, men peikar på at ein slik stor region kan ha negative konsekvensar for samfunnsutviklarrolla til det folkevalde regionale nivået og ikkje ivareta omsynet til nasjonal regional balanse.

Fagforbundet i dei tre fylka støttar ikkje ein ny Vestlandsregion med det som i dag er fastlagte oppgåver og ansvar til den nye regionen.

Lokalisering og organisering av fylkesmannsembetet

Bergen kommune gir i sin uttale ikkje støtte til premisset i intensjonsavtalen der det er lagt opp til at fylkesmannsembetet i den nye regionen skal leiast frå Sogn og Fjordane. Det vert peikt på at fylkesmannen er det viktigaste bindeleddet mellom stat og kommune, og at Bergen er lokaliseringsstad for ei rekke av dei statlege etatane. Høyringsuttalen uttrykker vidare at det er viktig at landet sin nest største by kan kommunisere og samordne seg godt med statens regionale organ, og at dette vil bli svekka dersom fylkesmannsembetet ikkje vert leia frå Bergen.

Kommune Sund, Fjell og Øygarden har og uttalt at fylkesmannen framleis må ha sitt hovudsete i Bergen.

Fylkesmannen i Hordaland understrekar i sin uttale at ei samanslutning av dei tre fylkesmannsembeta på Vestlandet i vesentleg grad vil endre føresetnadene for fylkesmannen si oppfølging og samhandling med kommunane. Hovuddelen av fylkesmannen si verksemd rettar seg mot kommunane. Dette omfattar fylkesmannen sine ulike roller som sektorstyresmakt, rettstryggleiksinstans, lyttepost og initiativtakar. Eitt samla vestlandsembete vil føre til store og krevjande avstandar og eit svært stort tal på kommunar å følgje opp. I dag er det 85 kommunar i dei tre vestlandfylka. Etter 1.1.2020 vil det vere 69 kommunar. Avstandsulempene ved eitt vestlandsembete vil høgst sannsynleg måtta kompenseras ved å opprette fleire distriktskontor innan landsdelen. Det vert hevda at omsynet til den viktige oppgåva med å samordna fylkesmannen si eiga verksemd innanfor alle sektoroppgåvene med dette vil bli vanskeleggjort. Det same vil vere tilfelle med å samordna den fragmenterte regionale statsforvaltninga, slik at dei regionale statsstyresmaktene vil bli endå meir fragmenterte til ulempe for kommunane og innbyggjarane.

Fylkesmannen i Hordaland viser til sin tidlegare uttale til førebels rapport om fylkesmannen sin framtidig struktur, der fylkesmannen tilrår at dei to embeta i Hordaland og Sogn og Fjordane vert slått saman, med kontorstad i Bergen.

Administrativ organisering

Bergen kommune viser til intensjonsplanen sitt opplegg for fordeling av ansvarsområder i den administrative organiseringen av ein Vestlandsregion. Det vert peikt på at flytting av kompetanse kan medføre risiko for fagleg utvikling innanfor m.a samferdsel, næringsutvikling og kultur. Utvikling av gode samarbeidsmåtar på tvers av fylka og særleg mellom fagmiljøa i dei store byane kan derimot gi gevinster for heile regionen.

Askøy kommune er i sin uttale uroleg for at den administrative leiinga av viktige sektorar og tenester er plassert langt frå kommunen. Askøy kommune er av den oppfatning at alle administrative tenester burde ha vore lagt til administrasjonssenteret i Bergen, og ser det som uheldig at den administrativ leiinga vert spredd i den nye regionen.

Valordning

Bergen kommune meiner målsettingen i intensjonsplanen om å slå saman vestlandfylka til ein valkrets for Stortingsval, må utgreiast nærare. Det vert vist til at fleire land har ulike grenser for valkretsar og administrativ inndeling, mellom anna for å sikre geografisk representasjon.

Samfunnsutviklarrolla

Fylkesmannen i Hordaland legg i sin uttale vekt på at det regionale nivået si samfunnsutviklarrolle må tydeleggjerast og styrkast. Samstundes peikar uttalen på at det er vanskeleg å sjå at ei såpass stor eining som Vestlandsregionen skal lukkast betre enn dei einskilde fylkeskommunane når det gjeld å handtere og praktisere det kanskje viktigaste grepet for samfunnsutvikling – regional planlegging.

Regional ubalanse

Fylkesmannen i Hordaland peiker i sin uttale på at det med etablering av ein Vestlandsregion, vil kunne oppstå betydelege skildnader mellom regionane i landet. Det vert vidare hevda at det i ein slik situasjon kan vere utfordrande å vurdere overføring av dei same oppgåvene frå staten til regionane, når ulikskapen mellom regionane vil kunne bli såpass betydelege.

Administrasjonsspråk

Om lag 97% av dei innkomne høringsfråsegnene, både frå kommunar, organisasjonar og private understrekar behovet og kravet om at nynorsk vert administrasjonsspråk i den nye Vestlandsregionen. I uttalane vert behovet for å verne om nynorsk som skriftsspråk uttrykt, og at nynorsk er ein av dei viktigaste identitetsberarane på Vestlandet.

Sveio kommune går inn for at den nye regionen vert språknøytral.

7.0 Om regionreforma i andre fylke

Fylkesutvalet i Møre og Romsdal innstilte 22.november 2016, på at Møre og Romsdal fylkeskommune, med eventuelle grensejusteringar, held fram som eigen region frå 1.1.2020. Fylkestinget skal handsama saka 13.desember 2016. Rindal kommune har søkt om overføring til Trøndelag. Det er også mogleg at andre Nordmørrekommunar søker om overføring til Trøndelag.

Fylkestinga i Aust Agder og Vest Agder vil 13. desember 2016 ta stilling til om ein ønskjer å etablere ein Agderregion. Fylkesrådmennene i Agder rår fylkestinga til å søka Stortinget om samanslåing av Aust Agder og Vest Agder frå 1.1.2020.

Fylkesrådet i Hedmark har gått i mot at Hedmark og Oppland fylkeskommunar skal samanslåast til region Innlandet. Saka skal opp i begge fylkestinga 14. desember.

Buskerud, Akershus og Østfold fylkeskommunar har utarbeidd ein intensjonsavtale om å etablere region Viken. Fylkeskommunane legg blant til grunn at Oslo skal bli ein del av regionen. Fylkestinga skal ta stilling til Vikenregionen i møte 7. desember (Østfold), 14. desember (Buskerud) og 19. desember (Akershus). Fylkesstyret i Østfold Arbeiderparti har nyleg sagt nei til Vikenregionen, noko som truleg inneber at Østfold fylkeskommune seier nei til Viken regionen.

Telemark fylkeskommune har forhandla med Vestfold fylkeskommune, med sikte på samanslåing av dei to fylka. Det er laga ein intensjonsavtale som vert handsama av fylkestinget i Telemark 7. desember og av fylkestinget i Vestfold 15. desember. I intensjonsavtalen er begge fylkeskommunane klare på at ein ny region beståande av dei to fylka saman med Buskerud, framleis er førstevallet.

Fylkestinget i Finnmark gjorde vedtak 25.3.2015 om at Finnmark må «bestå som eget fylke», og har signalisert dette i nabosamtale med Troms fylkeskommune i april 2016. Men fylkestinget vedtok 8.juni 2016 å fortsetja nabosamtalane med Troms og Nordland fylkeskommunar. Finnmark har nyleg avslutta samarbeidet om å laga ei felles utgreiing om regionreforma saman med Troms fylkeskommune.

Fylkestinget i Troms gjorde vedtak 16.3.2016 om å ta kontakt med Finnmark fylkeskommune og Nordland fylkeskommune for nabosamtalar. Fylkesrådet i Troms vedtok 8.9.2016 mandat og forslag til organisering av arbeidet. Arbeidet har konsentrert seg mot Finnmark. Fylkesrådet i Troms ønskjer no å be regjeringa vurdere om nordlandskommunane Narvik, Tjeldsund, Lødingen, Ballangen og Evenes, heller bør tilhøyra Troms.

Nordland fylkeskommune ønskjer per i dag ikkje å vera med på regionforhandlingane i nord.

8.0 Fylkesrådmennene i Rogaland og Sogn og Fjordane si tilråding

Sogn og Fjordane

I Sogn og Fjordane har fylkesrådmannen lagt fram følgjande tilråding i sak om Regionreforma og Sogn og Fjordane fylkeskommune:

«1. Fylkestinget i Sogn og Fjordane vurderer det slik at den statleg initierte regionreformprosessen anten kan føre til at tal folkevalde fylkeskommunar/regionar vert vesentleg

reduisert eller til at tal folkevalde fylkeskommunar/regionar vert ført vidare på tilnærma dagens nivå.

2. Fylkestinget ser det som positivt om tal fylkeskommunar/regionar vert vesentleg redusert. Viss Stortinget gjer vedtak om ein slik reduksjon, er vår fylkeskommune difor positiv til at vi blir ein del av ein større region. Viss Stortinget derimot kjem til at tal fylkeskommunar/regionar skal vidareførast på tilnærma dagens nivå, vil Sogn og Fjordane halde fram, og vidareutvikle seg, som eigen fylkeskommune/region.

3. Fylkestinget sitt primære standpunkt – som føreset at Stortinget gjer vedtak om ein vesentleg reduksjon i tal fylkeskommunar/regionar – er at Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland går saman i ein ny region – Vestlandsregionen. Det vert i så måte vist til intensjonsplanen av 15.09.16 og den gjennomførte høyringsprosessen, og særleg då til uttalane frå kommunane.

Fylkestinget vil, med grunnlag i inndelingslova, søkje statleg styremakt om slik samanslåing. Det er ein føresetnad at Hordaland og Rogaland fylkeskommunar søker tilsvarende.

Fylkestinget vil nemne opp sine representantar til fellesnemnda i april 2017, jf. inndelingslova § 26. Ein vil då også ta stilling til kva mandat og avgjerdsmynde fellesnemnda bør få.

4. Fylkestinget legg intensjonsplanen av 15.09.16 til grunn for ein slik vestlandsregion, med følgjande presiseringar:

a) Den framtidige administrasjons - og tenestestrukturen må byggje på desentralisering, maktspreiing og prinsippet om å ta heile regionen i bruk. Tilsette må gjennom ein brukarnær og desentralisert struktur kunne utføre sine oppgåver innanfor alle sentrale fagområde og sektorar, sjølv om dei ikkje arbeider der den administrative leiinga har hovudsete. Ved framtidig rekruttering må dette prinsippet stå sentralt.

b) Det vert lagt til grunn at nynorsk vert administrasjonsspråket i den nye regionen.

c) Dersom dei nye folkevalde regionane (nasjonalt) får svært ulike innbyggjartal, må Stortinget kunne fråvike generalistprinsippet for oppgåvedeling mellom staten og regionane.

d) Ekspertutvalet som i 2017 skal opprettast i samband med regionreforma, må leggje til rette for at Stortinget kan overføre viktige samfunnsoppgåve frå statleg til regionalt folkevalt nivå. Både samfunnsutviklarrolla og rolla som leverandør av offentlege tenester og velferdsytingar må styrkast. Fylkeskommunane må vere godt representerte i nemnde utval.

e) Fylkesmannsembetet på Vestlandet må få ei organisering og ei regional inndeling som samsvarer med det folkevalde regionale nivået sin geografiske struktur. Fylkesmannsembetet må få ei desentralisert forvaltning lokalisert i dagens fylke, med leiing frå Sogn og Fjordane.

5. Fylkestinget sitt subsidiære standpunkt – som også føreset at Stortinget gjer vedtak om ein vesentleg reduksjon i tal fylkeskommunar/regionar, men som elles baserer seg på at intensjonsplanen av 15.09.16 berre får tilslutning i Sogn og Fjordane og Hordaland – er at Sogn og Fjordane søker vidare forhandlingar med Hordaland og ev. også Møre og Romsdal, j f. elles pkt. a. - c.:

a) I dette tilfelle får det fylkeskommunalt oppnemnde forhandlingsutvalet i oppdrag å søkje og gjennomføre ein ekstra forhandlingsrunde med Hordaland. Desse forhandlingane må vere avslutta i januar 2017, gjennom ekstraordinære fylkesting i begge fylka. Dette føreset at også Hordaland er innstilt på ein slik ekstrarunde, samt at ein på statleg hald aksepterer dette.

b) I dette tilfelle, og i framkant av ein slik eventuell forhandlingsrunde, legg fylkestinget til grunn at Sogn og Fjordane og Hordaland på nytt inviterer Møre og Romsdal med på forhandlingar. Slike eventuelle forhandlingar føreset at Møre og Romsdal, innan utgangen av 2016, stadfestar at dei vil vere med å forhandle om ein intensjonsplan med ein struktur og eit detaljeringsnivå tilsvarande planen av 15.09.16. Møre og Romsdal må òg akseptere ei framdrift som gjev grunnlag for nye fylkestingsvedtak innan utgangen av januar 2017. Dette føreset at også Hordaland aksepterer ein slik invitasjon.

c) I dette tilfelle gjeld pkt. 3, 2. og 3. avsnitt, og pkt. 4 tilsvarande, men då tilpassa dei fylkeskommunar som vert med på ei slik subsidiær løysing.»

Rogaland

I Rogaland har fylkesrådmannen lagt fram følgjande tilråding i sak om Regionreformen - valg av framtidig struktur for Rogaland:

«1. Med utgangspunkt i den uavklarte situasjonen knyttet til framtidige oppgaver for det regionale, folkevalgte nivået går Rogaland fylkeskommune inn for at Rogaland består som egen region inntil vidare.

2. Dersom Stortinget skulle vedta en ny oppgaveportefølje for det regionale, folkevalgte nivået som imøtekommer fylkeskommunenes forventninger og premisser nedfelt i intensjonsplanen for Vestlandsregionen, vil Rogaland fylkeskommune vurdere sin posisjon i en framtidig regionstruktur på nytt.»

9.0 Fylkesrådmannen sine merknader og tilråding

Fylkesrådmannen legg til grunn at eit stortingsfleirtal ønskjer at det skal vere tre folkevalde nivå i Noreg. Stortinget slo i handsaminga av Meld. St. 22 (2015 - 16) i tillegg fast at ei styrka samfunnsutviklarrolle krev større regionar. Stortinget slutta seg difor til at landet bør delast inn i om lag ti nye folkevalde regionar frå 01.01.20. Større regionar vil kunne leggje til rette for breie fagmiljø med kapasitet og kompetanse til å ivareta både noverande og framtidige roller og oppgåver. Ti regionar vil også kunne styrke potensialet for samhandling og dialog mellom regionale statlege styresmakter og folkevalde regionar.

9.1 Ny regionstruktur på Vestlandet

Fylkesrådmannen ser på intensjonsplanen og forhandlingsresultatet som eit godt utgangspunkt for å etablere ein sterk folkevald ny Vestlandsregion, og som eit tilstrekkeleg rammeverk for fellesnemda sitt arbeid med endeleg politisk og administrativ organisering av den nye regionen.

Dette vert også stadfesta i dei innkomne høyringsfråsegnene til intensjonsplanen for etableringa av ein vestlandsregion. Fylkesrådmannen vil særskilt understreke høyringsfråsegnene frå kommunane, der dei aller fleste stiller seg bak denne intensjonsplanen og etableringa av ein Vestlandsregion.

Fylkesrådmannen tilrår derfor at fylkestinget vedtek etablering av Vestlandsregionen og at Hordaland fylkeskommune vert slått saman med fylkeskommunane Rogaland og Sogn og Fjordane i regjeringa sitt framlegg til Stortinget for ny regionstruktur i Norge.

9.2 Organisering og lokalisering av fylkesmannsembetet

Fylkesrådmannen viser her til fylkesmannen i Hordaland sin høyringsuttale der det vert understreka at ei samanslutning av dei tre fylkesmannsembeta på Vestlandet i vesentleg grad vil endre føresetnadene for fylkesmannen si oppfølging og samhandling med kommunane. Eitt samla vestlandsembete vil føre til store og krevjande avstandar og eit svært stort tal på kommunar å

følgje opp. I dag er det 85 kommunar i dei tre vestlandfylka. Etter 1.1.2020 vil det vere 69 kommunar. Avstandsulempene ved eitt vestlandsembete vil høgst sannsynleg måtta kompensera ved å opprette fleire distriktskontor innan landsdelen.

Fylkesrådmannen vil vise til intensjonsplanen der det er lagt opp til at den skisserte administrative organiseringa skal ivareta både strategiske og operative funksjonar, likevel slik at oppgåver innanfor dei sentrale fagområda framleis skal kunne utførast i alle dei tre fylka. Det blir her lagt opp til ein desentralisert struktur der det folkevalde regionale nivået framleis vil ha fagmiljø og administrasjon i ulike deler av regionen. Administrasjonssenteret i Bergen vil gjennom leiing og styring ha ansvar for å samordne regionen si eiga verksemd på tvers av sektorar og geografiske områder.

Etter fylkesrådmannen sitt syn vil også fylkesmannsembetet kunne organiserast med ein slik desentralisert struktur innanfor eit geografisk område som omfattar dei tre vestlandsfylka. Dette vert gjort i dag i fleire regionale statsetatar, som t.d Statens vegvesen. Når fylkesmannen sjølv foreslår Hordaland og Sogn og Fjordane som avgrensing for ny struktur for fylkesmannsembetet, med Bergen som kontorstad, reknar fylkesrådmannen med at det ikkje er tenkt å avvike alle funksjonar i dag som er på Leikanger i Sogn og Fjordane. Det er neppe formålstenleg for å ivareta god kontakt og oppfølging med kommunenivået at alle funksjonar vert sentralisert til Bergen. Ein Vestlandsregion vil slik sett innebære at tilsvarende funksjonar for fylkesmannsembetet også må lokaliserast i Rogaland i tillegg.

Fylkesrådmannen vil også peike på at deler av dagens oppgåver og funksjonar som er lagt til fylkesmannen vil kunne bli overført til det folkevalde regionale nivået, slik at føresetnader for framtidig organisering av fylkesmannsembetet sannsynlegvis vil endre seg framover.

Fylkesrådmannen viser til intensjonsavtalen, og ser ikkje grunnlag for å komme merknader til lokaliseringa av leiinga av fylkesmannsembetet i ein Vestlandsregion utover det som ligg i avtalen.

9.3 Samfunnsutviklarrolla

Fylkesrådmannen viser til fylkesmannen i Hordaland sin bekymring for at ein stor Vestlandsregion vil kunne auke avstanden til kommunenivået, og dermed bidra til å svekke det folkevalde regionale nivået si samfunnsutviklarrolle inn mot kommunane. Fylkesrådmannen ser denne utfordringa, og vil understreke at styrking av samfunnsutviklarrolla også vil vere avhengig av eit regionalpolitisk leiarskap som set tydelege mål og utnytter potensialet og handlingsrommet for å skape oppslutning blant kommunar, statlege styresmakter og private aktørar, om strategiar for å nå måla. Mellom anna vil dette, slik som fylkesmannen i Hordaland legg til grunn, kunne bli eit spørsmål om utarbeiding og ikkje minst oppfølging av regionale planar som grunnlag for kommunal og statleg planlegging, og slik sett bidra til avklaring av roller og ansvar for den regionale utviklinga. For å unngå at samfunnsutviklarrolla blir svekka må Vestlandsregionen organiserast og administrerast med gode kontaktfeltes og arenaer mot kommunenivået og andre interesser i utarbeidinga og oppfølginga av regionale planar.

Fylkesrådmannen viser til intensjonsplanen der det er lagt opp til at den skisserte administrative organiseringa skal ivareta både strategiske og operative funksjonar, likevel slik at oppgåver innanfor dei sentrale fagområda framleis skal kunne utførast i alle dei tre fylka. Det blir her lagt opp til ein desentralisert struktur der det folkevalde regionale nivået framleis vil ha fagmiljø og administrasjon i ulike deler av regionen som vil kunne ivareta tilstrekkeleg oppfølging av kommunenivået. Det vidare førebunde arbeidet med innføring av Vestlandsregionen, 1.1.2020, vil måtte vurdere og avklare korleis dette skal handterast og gjennomførast i ein framtidig organisasjonsstruktur.

9.4 Administrativ organisering

Fylkesrådmannen viser til Bergen kommune sin uttale der det vert peikt på at flytting av kompetanse kan medføre risiko for fagleg utvikling innanfor m.a samferdsel, næringsutvikling og kultur, men at utvikling av gode samarbeidsmåtar på tvers av fylka og særleg mellom fagmiljøa i dei store byane kan derimot gi gevinster for heile regionen.

Fylkesrådmannen vil på ny vise til intensjonsplanen der det er lagt opp til at den skisserte administrative organiseringa skal ivareta både strategiske og operative funksjonar, likevel slik at oppgåver innanfor dei sentrale fagområda framleis skal kunne utførast i alle dei tre fylka. Det blir her lagt opp til ein desentralisert struktur der det folkevalde regionale nivået framleis vil ha fagmiljø og administrasjon i ulike deler av regionen. Det regionale nivået har eit betydeleg ansvar i Bergensområdet med utvikling og drift av m.a kollektivtransporttilbodet. Fylkesrådmannen ser det som nødvendig at det også i ein Vestlandsregion må vere fagmiljø og administrasjon lokalisert i dette området, både for å ivareta strategiske og operative funksjonar, slik det i dag vert gjort av Skyss. Det vidare førebuande arbeidet med innføring av Vestlandsregionen, 1.1.2020, vil måtte vurdere og avklare korleis dette skal vidareførast innanfor ein ny framtidig organisasjonsstruktur, spesielt i eit utstrakt samarbeid med storbyane i regionen. Tilsvarende vurdering og avklaring må på plass for organisering av fagmiljø og administrasjon innanfor andre regionale sektorområder.

9.5 Valordning

Fylkesrådmannen viser til Bergen kommune sin uttale der det vert bedt om at ei valordning med fleire valkretsar i ein Vestlandsregion må utgreiast nærare. Bergen kommune viser til at fleire land har ulike grenser for valkretsar og administrativ inndeling, mellom anna for å sikre geografisk representasjon.

Fylkesrådmannen vil peike på at det er Stortinget som fastset valordning for dei nye regionane og for framtidige Stortingsval gjennom lovendringar. Forslag til slike endringar i valordninga vil nok regionane og kommunane få uttale seg om i ein lovendringsprosess.

I intensjonsplanen vert det lagt til grunn at Vestlandsregionen skal utgjere ein valkrins. Det er i intensjonsplanen samstundes sagt at dagens fylkesgrenser skal vurderast som valkrestar i framtidige regiontingsval, dersom det vert opna opp for det i lovendringsprosessen. Fylkesrådmannen ser det som sannsynleg at tilsvarende vurdering vil bli gjort for framtidige Stortingsval.

9.6 Administrasjonsspråk

Eit stort fleirtal av organisasjonar og enkeltpersonar som har gjeve fråsegn og synspunkt er kritiske til at det i intensjonsplanen ikkje vert slege fast at ein eventuell ny vestlandsregion skal ha nynorsk som administrasjonsspråk. I dag har både Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar vedtak om nynorsk administrasjonsspråk, medan Rogaland er språknøytral. Fleire peikar på at dersom den nye vestlandsregionen ikkje gjer vedtak om nynorsk, vil det berre vere i Møre og Romsdal det regionale nivået vert administrert på nynorsk.

Det vil truleg medføre eit stort tap for statusen til nynorsk dersom denne språkforma nesten vert utradert som offisielt språk på regionnivået. Utan nynorskvedtak vil nynorskbrukarane få eit dårlegare vern om språket sitt enn dei har i dag.

Fleire høyringsinstansar understrekar at nøytralitet ikkje må forvekslast med jamstelling. Utan språklege retningslinjer vil det største språket vinne terreng, vert det hevda. Det vert understreka at både kommunar, fylkeskommunar og statlege verksemder, har eit språkpolitisk ansvar for å ivareta og vidareføre nynorsk som ei levande og aktivt språkform i Norge. Nasjonalt representerer nynorsken eit språkleg mindretal. Den store produksjonen av nynorsk tekst i fylkeskommunane vert vurdert som eit viktig bidrag for å gjere nynorsken synleg og aktiv.

Enkelte fråsegner peikar og på at val av administrasjonsspråk har fleire sider ved seg. I tillegg til å gjere eit aktivt val i høve eige administrasjonsspråk, bør vestlandsregionen og krevje å få skriv frå alle statsorgan på nynorsk, jfr §5 i Lov om målbruk i offentleg teneste.

Vestlandet har lange nynorsktradisjonar og er ein viktig identitetsmarkør i landsdelen. Nynorsk er fellesnemnaren for mange av dialektane på Vestlandet, og eit nynorsk kjerneområde er viktig for heile landet i høve nynorsken sin samla språkposisjon.

Fylkesrådmannen stiller seg bak fleirtalet av dei innkomne høyringsfråsegnene som hevdar at nynorsk må vere administrasjonsspråk for vestlandsregionen og krav til statleg tenestemål, og tilrår derfor at fylkestinget no går inn for nynorsk som administrasjonsspråk i den nye vestlandsregionen. Dette er og i samsvar med omtale av nynorsk som viktig identitetsbyggjar i intensjonsplanen for etableringa av vestlandsregionen.

9.7 Regionale forskjellar og oppgåveoverføring

Fylkesrådmannen viser til fylkesmannen i Hordaland sin uttale der det vert peikt på at ein Vestlandsregion sannsynlegvis vil bli ein stor region i ein ny regionstruktur samanlikna med andre regionar i landet, og at det dermed vil kunne oppstå betydeleg skildnader mellom regionane i landet.

Fylkeskommunane er også i dag ulike, i høve til folketal, reiseavstandar og geografisk utstrekning. Det er ingen grunn for å tru at ein ny regionstruktur vil kunne ende opp med regionar som er like og har same føresetnader for å kunne utvikle meir effektiv og kvalitativt betre tenester, ei forsterka samfunnsutviklarrolle og ikkje minst ha kapasitet og kompetanse til å kunne handtere nye overførte statlege oppgåver.

Fylkesrådmannen vil derfor undertreke at det i arbeidet med ny regionstruktur må takast høgde for etablering av regionar som er ulike, og at dette må gi rom for Vestlandsregionen som det nye regionale folkevalde nivået på Vestlandet. Omsynet til regionalpolitisk semje og vilje må vektleggast sterkt når den nye regionstrukturen skal formast for framtida.

Sjølv med kommunar og fylkeskommunar med ulik storleik i dag, er fordeling av ansvar og oppgåver mellom forvaltningsnivå sterkt forankra i det såkalla generalistprinsippet. Generalistprinsippet inneberer at alle kommunar og fylkeskommunar – uavhengig av storleik – har ansvar for same type oppgåver, disponerer same type virkemidler og er likestilte som forvaltningsorgan i høve til statleg styring. Unntaket er Oslo kommune som også har fylkeskommunale oppgåver.

I tillegg til å fastlegge ny regionstruktur vil fylkesrådmannen hevde at ei aktiv og betydeleg overføring av statlege oppgåver vil vere heilt nødvendig for å utvikle eit relevant, sterkt og framtidsretta regionalt folkevald nivå. Fylkesrådmannen vil vidare stille spørsmål om slik overføring av nye oppgåver også kan og bør differensierast ut frå eventuelle skildnader mellom regionane i den nye regionstrukturen. Dette er eit spørsmål som så langt ikkje har vore utgreidd i regionreforma. Fylkesrådmannen ser det som aktuelt å legge inn slik oppgåvedifferensiering i mandatet til ekspertutvalet som skal vurdere nye statlege oppgåver som kan overførast til det regionale nivået.

9.8 Førebuande arbeid og etablering av fellesnemnda

Som omtalt tidlegare i saksframlegget kan Stortinget med heimel i inndelingslova §4 gjere vedtak om samanslåing av fylker. I inndelingslova er det vidare bestemmelsar for korleis den vidare prosessen skal føregå for å førebu gjennomføring av samanslåing av fylkeskommunar.

Fylkesrådmannen vil særleg peike på at det ved samanslåing av kommunar eller fylkeskommunar skal det opprettast ei politisk fellesnemnd til å samordne og ta seg av førebuinga av samanslåinga og innføring av den nye regionen.

Fellesnemnda skal ta hand om det førebuande arbeidet med økonomiplanen og med budsjettet for det første driftsåret etter at samanslåinga er sett i verk. Nemnda skal i sin verkeperiode gi fråsegn til departementet om årsbudsjetta og økonomiplanen for dei kommunane eller fylkeskommunane saka gjeld.

Andre arbeidsoppgåver og fullmakter for nemnda blir fastsette i reglement som må vedtakast i alle kommunestyra eller fylkestinga. Kvar av kommunane eller fylkeskommunane kan be departementet om å ta avgjerd i slike spørsmål dersom det ikkje er mogleg å kome til semje.

Nemnda kan få fullmakt til å tilsetje personale i den nye eininga. Dette omfattar også tilsetjing av administrasjonssjef og revisor. Funksjonsperioden for fellesnemnda går ut når det nye kommunestyret eller fylkestinget er konstituert.

Så snart det føreligg positive vedtak i fylkeskommunane om etablering av ein ny region vil fylkesrådmannen avklare eit opplegg for etablering av fellesnemnda og vidare førebuingsspross for samanslåing med dei andre fylkesrådmennene og Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Så snart dette vert avklart vil fylkesrådmannen legge fram ei skisse for vidare arbeid og framdrift for politiske organ.

9.9 Nye regionløysingar

Dersom dei andre fylkeskommunane gjennom vedtak på fylkestinga i desember 2016, ikkje går inn for etablering av ein Vestlandsregion, foreslår fylkesrådmannen at den oppnemnde styringsgruppa for regionreforma får fullmakt til å starte og gjennomføre ny dialog og forhandlingar om intensjonsavtale innanfor to alternative nye regionløysingar:

- a) Samanslåing av fylkeskommunane Sogn og Fjordane og Hordaland, der det også vert opna opp for å invitere Møre og Romsdal inn i forhandlingar om ei slik løysing.
- b) Samanslåing av fylkeskommunane Hordaland og Rogaland

I samband med alternativ a) viser fylkesrådmannen til innstillinga frå fylkesrådmannen i Sogn og Fjordane i saka om etableringa av Vestlandsregionen, der det vert lagt opp til å invitere Møre og Romsdal fylkeskommune på nytt inn i forhandlingar om ei regionløysing saman med Hordaland fylkeskommune. Fylkesrådmannen ser at det frå Sogn og Fjordane si side kan vere gode grunnar for ein slik invitasjon og vil ikkje motsette seg at Møre og Romsdal også kan inngå i ei framtidig regionløysing saman med Hordaland og Sogn og Fjordane.

Dersom det ikkje er grunnlag for å vidareføre Vestlandsregionen som ny regionstruktur på Vestlandet, vil fylkesrådmannen sterkt tilrå at fylkestinget understrekar Hordaland fylke som udeleg i den nye regionstrukturen, anten fylket vert vidareført som i dag eller i ei løysing saman med andre fylker.

Det er uklart om Kommunal- og moderniseringsdepartementet vil opne opp for ein ekstra forhandlingsrunde fram mot regjeringa sitt framlegg til Stortinget om ny regionstruktur, våren 2017.

I så fall må fylkestinget eventuelt samlast til ekstraordinært møte like over nyårsskiftet for å ta stilling til intensjonsavtale med ny regionløysing for Hordaland fylkeskommune.

